K 097

| Skjåk kommune | Arkivsak: 2019/242-6<br>Arkiv: 150<br>Saksbehandlar: O.G Aamodt<br>Dato: 04.11.2019 |
|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 65/19 | Formannskapet | 03.12.2019 |
| 97/19 | Skjåk kommunestyre | 19.12.2019 |

# Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020 - 2023 og årsbudsjett 2020

## Saksdokument

- Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020 – 2023
- Budsjettbok med årsbudsjett for 2020

Dokumenta er sendt elektronisk til medlem av kommunestyret og lagt ut på kommunen si heimeside.

## Saksutgreiing

Skjåk kommune sin budsjettprosess i 2019, for budsjettåret 2020, ble vedteke i kommunestyresak 22/2019.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020 – 2023 inneheld innleiande kapittel, hovudtema om økonomi, medarbeidar og eigne deler om kvart hovudtenesteområde.

Budsjettboka inneheld hovudoversiktar, rammer per ansvar og detaljbudsjett på drift og investering. Det er ny kommunelov med forskrifter som gjeld frå 2020 og myndigheitene har endra på samansetninga av hovudoversiktane.

## Vurdering

Budsjettvedtaket gjeld for 1 år med omsyn til løyvingar. Det er budsjettoppstilling for 4 år.

Planer, mål, satsingar, utfordringar, tiltak, rammer og økonomisk situasjon går fram av økonomiplan og budsjettbok.

Investeringsprosjekt i langtidsperioden vert vurdert på nytt kvart år i høve til gjeldsgrad og evne til å finansiere. Investeringsoversikt inneheld nye prosjekt. Overførte løyvingar vil gå fram av eigen note i rekneskapen 2019, og bli implementert i budsjettet gjennom eigne saker for budsjettjustering.

Det er lagt inn to låneopptak i budsjettet for 2020;

- 5 millionar kroner til prosjekt 293, nytt Uppnose vassverk
- 2 millionar kroner til prosjekt 450, bygging av 3 bustadar. Sal av bustadar inngår i finansieringa.

**Kommunedirektøren si innstilling**

Skjåk formannskap tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande;

1. Formannskapet sitt framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020 – 2023.
2. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2020.
3. I medhald av eigedomsskattelova §2 og §3, bokstav C, skal det i 2020 skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg og kraftnettet . Kommunen skriv ut skatt på næringsdelen i 2020, for bygningar og grunn, som tidligare er skattlagde som verk og bruk, jamfør andre ledd i overgangsregel til eigedomskattelova § 3 og 4. Det skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget, redusert med to sjuandedel i 2020, jamfør overgangsregel til § 3 og 4, første ledd, første punktum. I medhald av eigedomskattelova § 11 settast skattesatsen til 7 promille av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket.
5. Det blir teke opp lån på inntil 5 millionar kroner til nytt vassverk Uppnose.
6. Det blir teke opp lån på inntil 2 millionar kroner til 3 nye bustadar.

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2019**

Presisering frå Edel Kveen:
Spørsmål til dokumentet kan sendast kommunedirektøren, Vi set to datoar som frist for innsending til ordførar, 05.12 og 10.12.
Siste frist for svar frå administrasjonen etter den siste datoen er 16. 12.
Alle representantane vil få tilsendt spørsmål og svar. Ordførar oppmodar kommunestyrerepresentantane om å levere endringsforslag skriftleg innan 18.12.

**Vedtak i Formannskapet - 03.12.2019**

Skjåk formannskap tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande;

7. Formannskapet sitt framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020 – 2023.
8. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2020.

9. I medhald av eigedomsskattelova §2 og §3, bokstav C, skal det i 2020 skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg og kraftnettet. Kommunen skriv ut skatt på næringsdelen i 2020, for bygningar og grunn, som tidligare er skattlagde som verk og bruk, jamfør andre ledd i overgangsregel til eigedomskattelova § 3 og 4. Det skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget, redusert med to sjuandedel i 2020, jamfør overgangsregel til § 3 og 4, første ledd, første punktum. I medhald av eigedomskattelova § 11 settast skattesatsen til 7 promille av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
10. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket.
11. Det blir teke opp lån på inntil 5 millionar kroner til nytt vassverk Uppnose.
12. Det blir teke opp lån på inntil 2 millionar kroner til 3 nye bustadar.

Samrøystes.

**Behandling i Skjåk kommunestyre - 19.12.2019**

**Tilleggsforslag frå Bygdalista:**

Tilleggsframlegg 1: Skjåk kommune skal utarbeide ein omdømmestrategi og ein nærings-strategi. Kommunedirektøren skal lage eit framlegg til kommunestyret om prosessen.

Tilleggsframlegg 2: Skjåk kommune skal utarbeide ein ny miljø-og klimaplan. Kommunedirektøren skal lage eit framlegg til kommunestyret om prosessen.

**Endringsforslag frå Skjåk Senterparti:**

Side 49 , avsnitt 2.
Setning : Ein følge av dette er at vi vil vurdere å redusere talet på sjukeheimsplassar ytterlegare og byggje om til fleire omsorgsbustader i løpet av økonomiplanperioden. Forslaget går på å ta ut denne setninga frå økonomiplanen og sende agendaen i setninga tilbake til politisk behandling. Dette er viktige vegval for eldreomsorga som bør diskuterast meir grundig politisk.

**Endring:** Ein følge av dette er at vi vil vurdere å redusere talet på sjukeheimsplassar ytterlegare og byggje om til fleire omsorgsbustader i løpet av økonomiplanperioden. Arbeidet og vurdering av dette skal starte med ein gjennomgang i HOOK og kommunestyre.

Kantinedrift ved Skjåk barne og ungdomsskule skal ikkje finansierast av midlar frå ansvar 220 - Skjåk barne- og ungdomsskule. Kantinedrift på skulen skal dekkjast av foreldrebetaling og teneste 2532 kjøkendrift Skjåkheimen. Familiar med svak økonomi kan søkje Skjåk kommune om redusert betaling til kantinekort.
Presisering: Kommunedirektøren skal utarbeide retningsliner for denne ordninga.

Endringsforslag i investeringsbudsjettet: Flombelysning Bismo Stadion (ansvar 430, teneste 3810, prosjekt 287) skal prioriterast i 2020. Inndekning (1 000 000 kr) for investeringa blir henta frå Bilpark (ansvar 310, teneste 2543, prosjekt 298).

Investeringar, samleoversikt side 22:

Punkt 10 endrast til:

| | |
|---|---|
| 2 bustader (sal av inntil 7) | 6.000.000 |
| Nytt punkt 23: Flomsikring | 2.000.000 |
| Nytt punkt 24: Sentrumsplan/opprusting | 1.000.000 |

Arbeidet med Miljøveke, jf. s. 64 i handlingsdelen må starte opp i januar 2020, det skal vera tett dialog mellom administrasjonen og politikk i dette arbeidet. Arbeidet med miljø- og klimaplanen skal starte siste halvdel av 2020.

Kommunestyre ynskjer ein gjennomgang av alt interkommunalt samarbeid med fokus på analyse av fag, økonomi og effekt. Eventuelle ekstra løyving til dette skal vedtakast i eiga sak.

**Tilleggsforslag frå Skjåk Arbeidarparti:**

7. Kommunedirektøren skal innan 1. April 2020 legge fram alternative forslag til gjennomføring av utbetringar i Dønfoss barnehage inkludert forslag til finansiering.
8. Ungdomstrinna 8, 9 og 10 klasse skal ha gratis kantinemat minst 4 gonger i veka med minimum 2 varme retter i veka. Budsjettansvar 310, 2025 skule kantinekostnader skal få auka ramma innanfor teneste 1115, kjøp av matvarer frå kr 100 000,- til kr 300 000,-
9. Ein million av utgiftene som landbrukskontoret belasta næringsfondet skal overførast til det ordinære driftsbudsjettet.
10. Kommunedirektøren skal i løpet av år 2020 ha ein tett oppfølging av budsjettrammene innafor dei enkelte tenesteområda. Korrigerande tiltak ved meirforbruk skal gjennomførast. Større behov for auka ressursar skal opp som kommunestyresak.

Forslaga skal dekkast inn ved at resultatet blir redusert frå 1% til 0,5 %.

**Først blei punkt 1-5 i innstillinga røysta over:**

Samrøystes

Deretter blei punkt 6 røysta over:
6. Det blir teke opp lån på inntil 2 millionar til 2 nye bustader

Samrøystes

Deretter blei tilleggs- og endringsforslaga sett under avstemming:

AP sine endringar:

7. Kommunedirektøren skal innan 1. April 2020 legge fram alternative forslag til gjennomføring av utbetringar i Dønfoss barnehage inkludert forslag til finansiering.
Samrøystes

8. Ungdomstrinna 8, 9 og 10 klasse skal ha gratis kantinemat minst 4 gonger i veka med minimum 2 varme retter i veka. Budsjettansvar 310, 2025 skule kantinekostnader skal få auka ramma innanfor teneste 1115, kjøp av matvarer frå kr 100 000,- til kr 300 000,-.
Forslaget fell med 11 mot 6 røyster.

9. Ein million av utgiftene som landbrukskontoret belasta næringsfondet skal overførast til det ordinære driftsbudsjettet.
Forslaget fell med 11 mot 6 røyster.

10. Kommunedirektøren skal i løpet av år 2020 ha ein tett oppfølging av budsjettrammene innafor dei enkelte tenesteområda. Korrigerande tiltak ved meirforbruk skal gjennomførast. Større behov for auka ressursar skal opp som kommunestyresak.
Forslaget fell med 9 mot 8 røyster.

BL sine endringsforslag:

11. Skjåk kommune skal utarbeide ein omdømmestrategi og ein nærings-strategi.
Kommunedirektøren skal lage eit framlegg til kommunestyret om prosessen.
Samrøystes

12. Skjåk kommune skal utarbeide ein ny miljø-og klimaplan.
Kommunedirektøren skal lage eit framlegg til kommunestyret om prosessen.
Samrøystes

SP sine endringsforslag:

| | |
|---|---|
| 13. 2 bustader (sal av inntil 7) | 6.000.000 |
| Flomsikring | 2.000.000 |
| Sentrumsplan/opprusting | 1.000.000 |

Samrøytes

14. Side 49 , avsnitt 2.
Ein følge av dette er at vi vil vurdere å redusere talet på sjukeheimsplassar ytterlegare og byggje om til fleire omsorgsbustader i løpet av økonomiplanperioden. Arbeidet og vurdering av dette skal starte med ein gjennomgang i HOOK og kommunestyre.
Samrøytes

15. Kantinedrift ved Skjåk barne og ungdomsskule skal ikkje finansierast av midlar frå ansvar 220 - Skjåk barne- og ungdomsskule. Kantinedrift på skulen skal dekkjast av foreldrebetaling og teneste 2532 kjøkendrift Skjåkheimen. Familiar med svak økonomi kan søkje Skjåk kommune om redusert betaling til kantinekort. Kommunedirektøren skal utarbeide retningsliner for denne ordninga.

Forslaget blei vedteke med 11 mot 6 røyster.

16. Flombelysning Bismo Stadion (ansvar 430, teneste 3810, prosjekt 287) skal prioriterast i 2020. Inndekning (1 000 000 kr) for investeringa blir henta frå Bilpark (ansvar 310, teneste 2543, prosjekt 298).

Forslaget vedteke med 11 mot 6 røyster.

17. Arbeidet med Miljøveke, jf. s. 64 i handlingsdelen må starte opp i januar 2020, det skal vera tett dialog mellom administrasjonen og politikk i dette arbeidet. Arbeidet med miljø- og klimaplanen skal starte siste halvdel av 2020.

Samrøystes

18. Kommunestyre ynskjer ein gjennomgang av alt interkommunalt samarbeid med fokus på analyse av fag, økonomi og effekt. Eventuelle ekstra løyving til dette skal vedtakast i eiga sak.

Samrøystes

Deretter blei heile kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 teke til røysting.

Samrøystes

**Vedtak i Skjåk kommunestyre - 19.12.2019**

13. Kommunestyret sitt framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020 – 2023.
14. Kommunestyret sitt forslag til budsjett 2020.
15. I medhald av eigedomsskattelova §2 og §3, bokstav C, skal det i 2020 skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg og kraftnettet. Kommunen skriv ut skatt på næringsdelen i 2020, for bygningar og grunn, som tidligare er skattlagde som verk og bruk, jamfør andre ledd i overgangsregel til eigedomskattelova § 3 og 4. Det skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget, redusert med to sjuandedel i 2020, jamfør overgangsregel til § 3 og 4, første ledd, første punktum. I medhald av eigedomskattelova § 11 settast skattesatsen til 7 promille av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
16. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket.
17. Det blir teke opp lån på inntil 5 millionar kroner til nytt vassverk Uppnose.
18. Det blir teke opp lån på inntil 2 millionar kroner til 2 nye bustadar.
19. Kommunedirektøren skal innan 1. April 2020 legge fram alternative forslag til gjennomføring av utbetringar i Dønfoss barnehage inkludert forslag til finansiering.
20. Skjåk kommune skal utarbeide ein omdømmestrategi og ein nærings-strategi. Kommunedirektøren skal lage eit framlegg til kommunestyret om prosessen.
21. Skjåk kommune skal utarbeide ein ny miljø-og klimaplan. Kommunedirektøren skal lage eit framlegg til kommunestyret om prosessen.
22. Nytt punkt 10 i investeringsbudsjett:

| | |
|---|---|
| 2 bustader (sal av inntil 7) | 6.000.000 |
| Flomsikring | 2.000.000 |
| Sentrumsplan/opprusting | 1.000.000 |

23. Side 49 , avsnitt 2. Ein følge av dette er at vi vil vurdere å redusere talet på sjukeheimsplassar ytterlegare og byggje om til fleire omsorgsbustader i løpet av økonomiplanperioden. Arbeidet og vurdering av dette skal starte med ein gjennomgang i HOOK og kommunestyre.
24. Kantinedrift ved Skjåk barne og ungdomsskule skal ikkje finansierast av midlar frå ansvar 220 - Skjåk barne- og ungdomsskule. Kantinedrift på skulen skal dekkjast av foreldrebetaling og teneste 2532 kjøkendrift Skjåkheimen. Familiar med svak økonomi kan søkje Skjåk kommune om redusert betaling til kantinekort. Kommunedirektøren skal utarbeide retningsliner for denne ordninga.
25. Flombelysning Bismo Stadion (ansvar 430, teneste 3810, prosjekt 287) skal prioriterast i 2020. Inndekning (1 000 000 kr) for investeringa blir henta frå Bilpark (ansvar 310, teneste 2543, prosjekt 298).
26. Arbeidet med Miljøveke, jf. s. 64 i handlingsdelen må starte opp i januar 2020, det skal vera tett dialog mellom administrasjonen og politikk i dette arbeidet. Arbeidet med miljø- og klimaplanen skal starte siste halvdel av 2020.

27. Kommunestyre ynskjer ein gjennomgang av alt interkommunalt samarbeid med fokus på analyse av fag, økonomi og effekt.  Eventuelle ekstra løyving til dette skal vedtakast i eiga sak.